



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Sykylven kommune

Tilsynsdato: 03.10.2013

Rapportdato: 18.11.2013

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	7
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>8</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltararar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	20.08.2013 (formøte) 03.10.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven
<b>Kommunenummer:</b>	1528
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Torill Olin Skjeret
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Odd Morten Taagvold
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Odd Morten Taagvold
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	21.10.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	18.11.2013
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	10.01.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sykkylven kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

"Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder.  
Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner.."

### **1.3 Tilsynstema**

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Beredskapsoversyn i Sykkylven	Juli 2012
2.	Plan for krieseleinga	Juli 2012
3.	Plan for omsorgsberedskap i Sykkylven kommune	Juli 2012
4.	Varslingsliste – beredskap - Kontaktinformasjon	Ikkje datert
5.	Saksframlegg – Kommunal beredskapsplikt – planverk m.m.	23.05.2012
6.	Varslingsplan – omsorgsberedskap i Sykkylven kommune	Desember 2012
7.	Prosedyre for handtering av beredskapsvarsel	11.09.2013
8.	Plan for informasjonsberedskap i Sykkylven kommune	11.09.2013
9.	Faktaark Åknes/Tafjord – Sykkylven kommune	Ikkje datert
10.	Beredskapsplan for Sykkylven kommune vedkomande flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset/Hegguraksla i Storfjorden	21.01.2010
11.	Beredskapsplan for beredskapsgruppe IKT i Sykkylven kommune vedkomande flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset/Hegguraksla i Storfjorden	21.01.2010
12.	Beredskapsplan for informasjonsseksjonen i Sykkylven kommune vedkomande flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset/Hegguraksla i Storfjorden	22.01.2010
13.	Beredskapsplan for omsorgsberedskapen vedkomande flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset/Hegguraksla i Storfjorden	22.01.2010
14.	Innkalling og referat frå arbeidsmøte – grovanalyse ROS	21.05.2013
15.	Rapport risiko- og sårbarheit – grovanalyse for Sykkylven 2013	22.03.2013
16.	Dokumentasjon på korleis beredskapsansvaret er nedfelt i einingsleiarane sine leiaravtalar.	Dato for aktuell leiaravtale
17.	E-post frå beredskapskoordinator: beredskapsplanar – vidare arbeid	16.05.2012
18.	Beredskapsplan – barne og familietenestene – ROS-analyse – helsestasjon og jordmorteneste	Ikkje datert
19.	Beredskapsplaner heimetenestene distrikt	Ikkje datert
20.	Referat frå møte i omsorgsberedskapen den 29.04.2011 – debriefing etter hending i Velledalen 7. – 9. april 2013	13.05.2011
21.	Omsorgsberedskapen – juli og august 2011 - oppsummering	18.08.2011
22.	Kommunal planstrategi 2012 - 2016	November 2012
23.	Samfunnsplan for Sykkylven kommune – 2011 - 2025	27.06.2011

## 1.5 Gjennomføring

Formøte for Sykkylven kommune vart gjennomført i Sykkylven 20.08.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 03.10.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Petter Lyshol	Ordførar	X	X	X	X
Olav Harald Ulstein	Varaordførar		X		X
Ole-Johan Lillestøl	Rådmann	X	X	X	X
Torill Olin Skjeret	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Arild Bergström	Økonomisjef		X	X	
Eldrid Suorza	Kommunalsjef		X		X
Bjarte Hovland	Einingsleiar teknisk		X		
Anna Lisa Drabløs	Rådgjevar helse og omsorg		X	X	X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Odd Morten Taagvold	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudinntrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Sykkylven kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Alle vesentlege element innanfor kommunal beredskapsplikt er på plass, og den kommunale beredskapen framstår som gjennomtenkt, ryddig og godt forankra både administrativt og politisk.

Det avdekte avviket gjeld ein detalj i det store bildet.

Kommunen sitt forbetningspotensial ligg i å etablere eit meir levande system for årlege aktivitetar i beredskapsorganisasjonen: Aktivitetsplanlegging, gjennomføring av møte i kriseleiing og beredskapsråd, planvedlikehald, øvingar mv. Det ligg også eit potensial i å justere ein del av dokumenta og rutinane slik at dei endå tydelegare kan relaterast til aktuelle forskriftskrav og føringer.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Fire forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Sykkylven kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse omfattar ikkje vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

*Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra f

*Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekke minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering er blant desse. Sykkylven kommune sin analyse manglar dette, men oppfyller alle andre minimumskrav.

#### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

##### **Merknad nr. 1**

Sykkylven kommune bør etablere eit meir levande system («årshjul» eller liknande) for årlege aktivitetar i beredskapsorganisasjonen. Aktivitetsplanlegging, gjennomføring av møte i kriseleiring og beredskapsråd, planvedlikehald, øvingar, evaluering mv.

##### **Merknad nr. 2**

Rutinane for revisjon av beredskapsplanverket bør gjerast tydelegare, og det bør gå tydelegare fram når siste revisjon av planverk og varslingslister er gjennomført.

##### **Merknad nr. 3**

Sykkylven kommune bør vurdere om den overordna forankringa av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap kan vere gjennom ein eigen kommunedelplan, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 b). Dette er i hovudsak eit spørsmål om form og formalitetar. Per i dag har kommunen sitt beredskapsoversyn, som er vedteke av kommunestyret, om lag den same funksjonen som ein kommunedelplan ville ha.

##### **Merknad 4**

Sykkylven kommune har eit visst forbettingspotensial i å justere ein del av dokumenta (beredskapsoversyn, plan for kriseleiring, heilskapleg ROS-analyse mv.) og rutinane slik at dei endå tydelegare kan relaterast til aktuelle forskriftskrav og føringer.

## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken. Sidan dette blir midt i hardaste jula, er fristen for oversending sett til **10. januar 2014**.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.